

# Årsmelding

## for Aurland fjellstyre 2021



Aurland fjellstyre  
Februar 2022

## FØREORD

I denne årsmeldinga har me prøvt å ta med det viktigaste av det som fjellstyret har arbeidd med i året som har gått, i tillegg til oversiktar over fiskefangst, felte reinsdyr, hjort og ryper o.a. Årsmeldinga ligg på fjellstyret si nettside [www.aurland-fjellstyre.no](http://www.aurland-fjellstyre.no). Der finn ein og meir informasjon om tilboda i statsallmenningane i Aurland.

### Aurland, den 8.2.22

Sigurd Vikesland  
fjellstyreleiar

May- Britt Martinsen

Erling Nesbø

Leif Turlid

Tor Olav Kvam

Harald Skjerdal  
(dagleg leiar)

## INNHALDSOVERSIKT

1.	FJELLSTYREARBEID OG -SAKER I 2021	side	3
2.	OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING	"	4
3.	FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE	"	6
4.	FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR	"	7
5.	REIN OG REINSJAKT	"	9
6.	ELG- OG HJORTEJAKT	"	10
7.	SMÅVILTJAKT/ROVVILT	"	11
8.	FISKE	"	12
9.	ANLEGG SARBEID I ALLMENNINGEN	"	13
10.	ØKONOMI	"	13

### Framsdebilete:

- Ved Holmavatnet (foto Knut Fredrik Øi)

### Vedlegg:

- Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning i 2021
- Fangststatistikk fiske, Aurland statsallmenning 2021

## 1. FJELLSTYREMØTE OG -SAKER I 2021

Fjellstyret hadde 7 møte og handsama 36 saker dette året.

### Fjellstyremøte 8. februar

Sak 1/21. Referat og meldingar

Sak 2/21. Fjellstyrerekneskapen for 2020

Sak 3/21. Fjellstyret si årsmelding for 2020

Sak 4/21. Høyring: Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske på statsallmenning

Sak 5/21. Møteplan 1. halvår 2021

Sak 6/21. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusell

### Fjellstyremøte 16. mars

Sak 7/21. Referat og meldingar

Sak 8/21. Kortprisar for fiske med stong, oter og garn i Aurland statsallmenning

Sak 9/21. Administrasjon av Aurland fiskeadministrasjon sin bankkonto

Sak 10/21. Val av fjellstyret sin representant i Aurland hjorteutval

Sak 11/21. Omgjering av tidsavgrensa engasjement til fast stilling som fjelloppsyn

### Fjellstyremøte 13. april

Sak 12/21. Referat og meldingar

Sak 13/21. Saker til årsmøtet i villreinutvalet for Nordfjella

Sak 14/21. Oppsetjing av ny bru i Nordheimsdalen

Sak 15/21. Høyring: Miljø-, transport- og anleggsplan for ny 420 kV-line Aurland-Sogndal

### Fjellstyremøte 18. mai

Sak 16/21. Referat og meldingar

Sak 17/21. Opplegg for reinsjakt – disponering av fellingsløyva, samjaktavtalar m.m.

Sak 18/21. Vurdering av fiskereglane for statsallmenningen ut frå innkomne innspel om garnfiske for utanbygdsbuande

Sak 19/22. Søknad frå Steinbergdalshytta om tilskot til prosjektet «Mennesket og reinen»

Sak 20/22. Oreigningskjønn for ny 420-kV-line Aurland – Sogndal. Oppmoding om å gje uttale

### Fjellstyremøte 8. juni

Sak 21/21. Referat og meldingar

Sak 22/21. Søknad frå jaktlaget i jaktfelt 1 i Nordheimsdalen om å få redusert tildelt kvote

Sak 23/21. Plan for fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning 2021

Sak 24/21. Småviltjakt i Aurland statsallmenning 2021 – startdato, tal jaktkort, dagskvote

Sak 25/21. Plassering av fjellstyret sine bankinnskott med sikte på betre rentevilkår

Sak 26/21. Trekking av fellingsløyva for villrein

Sak 27/21. Oreigningskjønn for ny 420 kV-line Aurland – Sogndal

### Fjellstyremøte 16. november

Sak 28/21. Referat og meldingar

Sak 29/21. Reinsjakta 2021, oppsummering

Sak 30/21. Fjellstyret sitt oppsynsbudsjett for 2022

Sak 31/21. Søknad frå jaktlag i Nordheimsdalen om å få redusert pris på felte bukkar grunna låge slaktevevter

Sak 32/21. Jakttid for hjort i Nordheimsdalen i samband med sal av dagskort

### Fjellstyremøte 8. desember

Sak 33/21. Referat og meldingar

Sak 34/21. Fjellstyrebudsjettet for 2022

Sak 35/21. Søknad om dekking av kursutgifter - Aron Freyr Gudmundsson

Sak 36/21. Nye utleigeprisar for hytta i Håbergsholene

### Andre møte

Jegermøte før reinsjakta vart halde i midten av august, som eit samarbeidstiltak mellom fjellstyret og grunneigarlaget for villreinvald. Elles har møteaktiviteten i mange organ vorte sterkt avgrensa, grunna koronarestriksjonar.

Fjellstyret har dette året vore representert i, eller medlem av, følgjande organ:

- Norges fjellstyresamband
- Villreinvatlet for Nordfjella, styret (Erling Nesbø)
- Aurland Setjefisk SA, styret (Sigurd Vikesland)
- Aurland Fiskeadministrasjon, styret (Håkon Øydvin)
- Fjellstyra på Hardangervidda – FH (observatørstatus, Sigurd Vikesland)
- Rådgjevande utval for verdsarvområdet Nærøyfjorden (Harald Skjerdal)
- Hjortevatlet for Aurland (Håkon Øydvin, sekretær)

## **2. OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING**

Desse har i 2021 vore fast tilsette i fjellstyret:

- Håkon Øydvin, 100 % stilling (fjelloppsyn, driftsleiar setjefiskanlegg)
- Knut Fredrik Øi, 100 % stilling (fjelloppsyn, kommunal viltforvaltar)
- Harald Skjerdal 50 % stilling (fjelloppsyn, dagleg leiar)
- Aron Freyr Gudmundsson 80 % stilling (fjelloppsyn, gjetar). Han fekk fast tilsetjing frå april 2021, etter tidlegare å ha vore tilsett i engasjement på ymse prosjekt.

Gea Prytz var engasjert 8 veker sommaren 2021 som ferieavløysar for oppsyn og gjetar.

Arbeidstida til fjelloppsynet fordelte seg slik i 2021:

**2354** timar refusjonsgjevande arbeid for fjellstyret utgjer 42 % av arbeidstida. I tillegg kjem **28** timar ikkje-tilskotsgevande arbeid (kortsal, fakturering o.a.) for fjellstyret.


**3193** timar arbeid for andre oppdragsgjevarar utgjer 58 % av arbeidstida.

Dette gjev **5575** timar totalt (5500 i 2020).

**Timeverka som vart utførde for andre oppdragsgjevarar fordelte seg slik i 2021 (2020-tala i parentes):**

<b>Oppdragsgjevar</b>	<b>Arbeidsoppgåver</b>	<b>Timar</b>
Aurland Setjefisk SA	Driftsansvar setjefiskanlegg, stamfiske, fiskeutsetjing	631(660)
Villreinutvalet for Nordfjella	Sekretærarbeid, teljingar, Jaktoppsyn/oppsynsleiar	406 (273)
Statens Naturoppsyn	Rovviltkontakt, oppsyn, skjøtselsoppdrag	573 (780)
Aurland/Lærdal Kommune	Viltforvaltning	1286 (795)
NINA	CWD/saltsteinprosjekt/viltkamera villrein	153 (216)
Elveeigarlag, Aurland hjorteutval, Raudafjell villreinutval	Ooppsyn, sekretærarbeid m.m.	105 (142)
Andre (Mattilsynet, norsk Villreinsenter)	Prøvetaking, skuleopplegg	39 (98)
	<b>Totalt:</b>	<b>3193 (2964)</b>

Figuren syner fordelinga av fjelloppsynet si arbeidstid på fjellstyret og eksterne tenestekjøparar i 2021.



## Oppsynskontrollar og -reaksjonar 2021:

Tal kontrollerte		Saker oppgjort på staden		Rapporterte saker	
Småviltjakt	2	Småviltjakt		Småviltjakt	
Storviltjakt	11	Storviltjakt	2	Storviltjakt	
Fiske	44	Fiske	2	Fiske	2
Motorferdsel	13	Motorferdsel		Motorferdsel	
Vernereglar	-	Vernereglar		Vernereglar	
Anna (bandtvang)	-	Anna (bandtvang)		Anna	
Sum:	68	Sum	4	Sum	2

### 3. FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE

I samsvar med partnerskapsavtalen som er inngått mellom fjellstyret og Aurland barne- og ungdomsskule vart det gjennomført fiskedagar for fleire skuleklassar tidleg i haust. Fjellstyret dekte busstransporten for klassane som var med. Det vart søkt om å få dekt m.a. kostnaden med transporten gjennom tilskot frå Miljødirektoratet, via Norges fjellstyresamband. På desse turane vert det trekt garn, fisken vert teken ut av garna og sløgd av elevane, og steikt på steinhelle over bål. Etter mange år med dette opplegget, som starta som eit tynningsfiske i ein tett fiskebestand, er kvaliteten og storleiken på fisken i vatnet no kjempefin. Opplegget til 7. klasse omfattar i tillegg veging og måling av all fisk, og utrekning av K-faktor og skrivning av rapport etter avslutta prøvafiske.

Desse klassane var med:

24. august: 3.-4. klasse ABU. 18 elevar og 4 vaksne trekte garn i Stemmerdalen, fekk 12 fisk.

25. august: 1.-2. klasse ABU. 23 elevar og 4 vaksne fiska i Stemmerdalen, fekk 12 fisk.

26. august: Flåm skule, 1.-4.kl. 16 elevar og 2 vaksne fiska i Stemmerdalen, fekk 13 fisk.

31. august: 7. klasse ABU. 17 elevar og 2 vaksne prøvafiska i Vestredalsvatnet, fekk 23 fisk.

Til saman 74 elevar og 12 vaksne var med på desse turane.

Den 9. august vart det i regi av fjellstyret, og i samarbeid med flyktingtenesta i kommunen, arrangert fiskedag i Stemmerdalen for personar med innvandrarakgrunn. Det var 15 deltakarar busette i Aurland og Lærdal, men med opphav frå Kongo, Eritrea, Syria og Kina. Alle fekk vera med og ta opp garna som var sette dagen før, gjera opp fangsten og laga til maten. Heile fangsten på 12 fiskar vart sett til livs, saman med nypotet frå Lærdal og vafler med moltesylta frå Steinbergdalshytta. Miljødirektoratet støtta tiltaket økonomisk, gjennom ei ordning som vert lyst ut gjennom Norges Fjellstyresamband.

#### **4. FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR**

Fjellstyret disponerer 5 opne hytter som turgåarar, jegerar og fiskarar kan nytta mot å betala ein overnattingspris på kr. 100. Det er gratis bruk av hyttene for born og ungdom under 20 år.

##### **Opne hytter:**

- Storebotnhytta (bygd av fjellstyret i 1982, 7 sengeplassar)
- Melahytta (bygd av fjellstyret i 1983, 14 sengeplassar)
- Hellenuthytta (bygd av Oslo Lysverker i 1965, 6 sengeplassar)
- Mellomvasshytta (bygd av fjellstyret i 1985, 6 sengeplassar)
- Berdalsbu (bygd av Oslo Lysverker på 1960-talet, overteken av fjellstyret i 2008, 4 sengeplassar.

##### **Andre hytter:**

- Gjetarhytta i Brubotn: Bygd av Oslo Lysverker i 1966, overteken av fjellstyret i 1992. Vert brukt som base for sesongoppsyn/gjetar. Fjellstyret har bestemt at denne hytta skal rustast opp, med sikte på utleige gjennom iNatur deler av året, t.d. om våren, før beitesesongen for sau.
- Utleigehytte i Håbergsholene: Opphavelag bygd av Oslo Lysverker, overteken av fjellstyret frå Statnett i 2006. Hytta, som har 10 sengeplassar, innlagt vatn og straum, vert utleigd gjennom iNatur.
- Jaktbua hans han Per Veum på Langafonni er overteken av fjellstyret, og står open for brukarar av allmenningen. Planen er å rusta denne opp med litt nytt utstyr.

To hytter i Nordheimsdalen, Aurland nordre statsallmenning, står opne og kan nyttast av alle som vil, på same vilkår som fjellstyrehyttene elles (kr 100 per overnatting). Allmenningsstyret er eigar av desse to hyttene, men det er inngått ein avtale mellom fjellstyret og allmenningsstyret, som m.a. omfattar bruken av hyttene i dalen. Bruken av dei opne fjellstyrehyttene var noko høgare enn i 2020, rekna ut frå summen av innbetalingar for overnatting som har kome inn. Når det gjeld utleigehytta i Håbergsholene, var det stor rift om å leiga denne gjennom sesongen.

##### **Arbeid på fjellstyrehytter og -naust i 2021**

I tillegg til vanlege driftsoppgåver som transport av ved og gass, henting av bos, reinhald, vask av sengeklede o.a. vart følgjande arbeid utført dette året:

##### **Storebotnhytta:**

Ny torvhaldsstokk av einer kom opp sist vår, på austsida av taket.

#### Mellomvasshytta:

Doen var vorten skeiv pga snøsig, så me fekk ein dugnadsgjeng til å grava litt og retta han opp att. Ingen større tiltak på hytta.

#### Hellenuthytta:

Ingen større tiltak i år.

#### Melahytta:

Ingen større tiltak i år.

#### Berdalsbu:

Ingen større tiltak i år.

#### Langafonni:

Det vart bore opp eit par liggjeunderlag og vaska litt meir.

#### Gjetarhytta i Brubotn:

Me grov opp ei grøft frå bekken til brønnen, den gamle grøfta var tetta igjen. Det gjer att det er litt meir stabilt med vatn i springen. Den gamle pappen på taket var ikkje tett lenger, så då la me ny papp på vestsida før me lekta opp og la takpanner av stål på heile taket. Det vart og montert takrenner i stål, hytta hadde ikkje takrenner frå før. Det vart skifta kjøleskap i hytta.

#### Håbergsholene:

Mindre rørsler i grunnen under hytta etter att me drenerte der, ingen større tiltak i år.

#### Nordheimsdalen:

Kaien fekk nokre få nye plankar og det vart montert skjørt på sørsida, det vart og laga ein stige i skjørtet for lettare tilkomst. Ei gammal, rusta jerntrapp ved kaien vart fjerna. Stien opp heile Nordheimsdalen vart rydda med motorsag. Det vart restaurert ein mur framom Fjellsgrovi, der ein stor stein hadde teke med seg deler av stien. Til dette fekk fjellstyret tilskot frå verneområdestyret for Nærøyfjordområdet.

#### **Naust og båtar**

Fjellstyret har 12 båtar liggjande ved vatn i allmenningen, til fri bruk i samband med fiske. Alle båtane er utstyrde med årar og redningsvestar. Båten ved Svartavatnet er den som det er mest rift om i den beste fiskesesongen. På finversdagar kan det vera fleire fiskelag som brukar denne. Då er det viktig at båten vert lagd på den faste plassen etter bruk, slik at neste brukar finn han.



Båtane ligg ved følgjande vatn:

- Nedsta Storebotnvatnet (naust og båt)
- Fremsta Melavatnet
- Hellenutvatnet (naust og båt)
- Holmavatnet (naust og båt, båten tilhøyrer Aurland jakt- og fiskelag)
- Langavatnet ved Kongshelleren
- Svartavatnet
- Mell. Mellomvatnet
- Alvsvatnet
- Katlamagasinet
- Nedre Berdalsvatnet
- Nosavatnet (samarbeid med grunneigarane i den privateigde delen av vatnet)
- Vestredalsmagasinet (denne kom på plass i 2018, etter at fjellstyret hadde fått ferdig veg ned til vatnet med tilrettelagd plass for båtutsetjing).

Båten ved Berdalsbu fekk seg nokre sprekkar vinteren for 2 år sidan. Me fresa ut spor i sprekkene og fylte dei med smelta plastmasse. Ser ut som det kan fungera. Det same vart gjort på båten ved Melahytta.

3 nye informasjonstavler frå Aurland fiskeadministrasjon vart sette opp i statsallmenningen i Stemmerdalsområdet

## **7. REIN OG REINSJAKT**

Grunna stor nedgang i stammestorleiken i Nordfjella sone 2 det siste året, vart fellingskvoten for området sett svært lågt av villreinnemnda i 2021. 60 tildelte løyve for heile området var under  $\frac{1}{4}$  av fellingskvoten året før. Dette gjorde at fjellstyret berre hadde 9 fellingsløyve å tildela for jakta. Det var 126 innanbygds søkjarar på desse løyva. Eit fellingsløyve for kalv vart gjeve til jaktkarusellen, medan eit løyve for fritt dyr vart utlyst som «dagskort,» med tanke på at det skulle kunna overførast til ny jeger viss det ikkje vart felt dyr på kortet første jakthelga. Det vart felt ein bukk på kortet første jaktdagen, så slik overføring vart ikkje aktuelt. Den vesle statallmenningen Broksfjellet, som ligg innanfor Hardangervidda villreinområde, fekk tildelt 8 fellingsløyve. 43 innanbygds jegerar søkte på desse. Denne jakta vart det ikkje felt rein i dette området.

### **Jakta**

Også dette året vart det inngått samjaktavtale mellom Aurland, Hol og Ulvik, med innslagsdato for samjakta 30. august. Denne avtalen gav utbyte på den måten at storparten av dyra som vart registrert felt på Holingskort, er felt i ein nabokommune (15 av dei i Aurland). Det vart for denne jakta ikkje søkt om godkjenning av samjakt over villreinområdegrensa mellom Nordfjella og Hardangervidda, sidan det ikkje var noko stort poeng å auka uttaket frå stamma i området.

Tidleg i jakta stod ein større bukkeflokk i Tarvenområdet. Låg aktivitet av jegerar gjorde at den vart ståande ei tid, før han etter kvart trekte mot fostringsflokken som stod lenger aust i Aurland. Utover i jakta stod dyra for det meste i Aurland, med nokre turar over på Ulvik og Hol. Det vart observert lite rein sør for Bergensbana denne jakta.

### **Fellingsresultatet for Aurland statsallmenning, totalt for Aurland og for heile Nordfjella villreinområde jakta 2021:**

	<b>Aurland statsallm.</b>	<b>Aurland totalt</b>	<b>Nordfjella</b>
<i>Vaksen bukk</i>	2	5	8
<i>Bukk 1 ½ år</i>	-	-	2
<i>Bukkekalv</i>	2	5	7
<i>Vaksen simle</i>	2	4	12
<i>Simle 1 ½ år</i>	-	1	4
<i>Simlekalv</i>	1	3	4
<b>Felt i alt</b>	<b>7</b>	<b>18</b>	<b>37</b>
<i>Tildelt kvote</i>	9	21	60
<i>Fellingsprosent</i>	77,8 %	85,7 %	61,7 %

### **6. ELG- OG HJORTEJAKT**

Det har kome sterke signal frå Miljødirektoratet om at felling av hjort og elg i kommunane kring Nordfjella villreinområde må aukast; bestanden skal ned på kring det halve av 2016-nivået.

I Aurland nordre statsallmenning (Nordheimsdalen) har fjellstyret delt opp hjortevaldet i to jaktfelt – eit øvre og eit nedre. Det øvre feltet, over 600 m.o.h. er vert utleigd gjennom Aurland jakt- og fiskelag for ein 4-årsperiode (2020-23). Det nedre feltet vert utlyst for 2 og 2 år, primært til utanbygds jaktlag, med ny utlysing for perioden 2022-23. Jaktperiodane leigarane har avtale om er fram til utgangen av oktober. Frå 1. november og ut jakta (for tida ut januar), sel fjellstyret dagskort for jakt på hjort (og elg, dersom det er att løyve etter leigeperioden til AJF).

I 2021 merka fjellstyret aukande interesse for desse dagskorta. Heile 20 innanbygdsbuande jegerar søkte. Etter trekning og tildeling av jakt dagar, var det 16 av desse som nytta seg av tilbodet. I tillegg var det med 5 utanbygds gjestejegerar.

Fjellstyret vedtok å tillata jakt på kalv og ungdyr i allmenningen ut januar månad, i tråd med den jakttida som er fastsett for kommunen. Det er ingen som har vist interesse for å jakta etter jul. Fellingsresultatet for hjort hausten 2021 vart 16 dyr, som er jamhøgt med det beste ein har hatt noko år tidlegare. I tillegg vart det skote ein elg (1 ½ års okse).

## Felling av hjort, Nordheimsdalen 2021

	Aurland Jakt og fiskelag (øvre felt)	Utanbygds jaktlag (nedre felt)	Felt på dagskort	Felt på kort selde til andre felt	Til saman
Bukkekalv	-	1	-	-	1
Kollekalv	1	-	1	-	2
Spissbukk	3	-	-	-	3
Ungkolle	-	-	-	-	0
Kolle	-	3	1	-	4
Bukk	3	2	1	-	6
Til saman	7	6	3	0	16

### 7. SMÅVILTJAKT/ROVVILT

Fjelloppsynet sine rypeobservasjonar gjennom sommaren synte at det låg an til ein litt betre rypehaust enn det hadde vore dei to føregåande åra. Det var ein del fine kull å sjå. Fjellstyret valde å halda på jaktstart 25. september, som året før. Ein heldt på ordninga med å leggja eit avgrensa tal jaktkort (75 stk) ut for sal på Inatur, med start i kortsalet 1. september. Det var stor interesse for å få tak i jaktkort - dei fleste korta var selde den første dagen det var opna for sal. I tillegg vart nokre kort (15 stk) lagde ut for sal til gjester på Steinbergdalshytta, etter søknad frå eigaren av hytta. Jaktkort for innanbygdsbuande jegerar er å få kjøpt på fjellstyrekontoret, utan avgrensing i tal. Eit fåtal innanbygdsbuande kjøper jaktkort for småviltjakt. Eit positivt tiltak i oktober -21, var at Sogn og Fjordane jeger og fisk arrangerte småviltjakkurs for damer i allmenningen, i samarbeid med Steinbergdalshytta. Fjellstyret støtta tiltaket med å stilla med ein frå fjelloppsynet som «jaktguide» ein dag. I tillegg fekk dei 6 deltakarane høve til å kjøpa jaktkort utanom den kortkvoten som var lagd ut for sal gjennom Inatur. Fellingsstatistikken på neste side stadfestar det som oppsynet sine registreringar før jakta tydde på; ein viss oppgang i småviltbestanden i høve til året før.

### *Fordelinga av selde jaktkort for småvilt i 2021 og dei åtte føregåande åra:*

	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013
1 dag	24	26	25	29	27	20	18	77	42
2 dagar	36	28	25	27	25	20	13	49	54
3 dagar	19	20	20	20	20	20	24	37	14
1 veke	10	10	10	10	10	10	2	7	2
Sesong	13	12	13	14	13	12	9	13	7
Sum:	<b>102</b>	<b>96</b>	<b>93</b>	<b>100</b>	<b>95</b>	<b>82</b>	<b>66</b>	<b>183</b>	<b>119</b>

**Innkomne rapportar frå jegerane viser følgjande innrapporterte jaktinnsats og felling av småvilt i 2021 og dei 8 føregåande åra:**

År:	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013
Tal rapportar	65	82	82	76	76	74	35	81	32
% levert rapport	51,5	69,5	88,2	76,0	80,0	84,0	53,0	39,3	26,9
Tal jakt dagar	146	199	189	200	198	180	98	166	54
Felte ryper/dag	0,53	0,26	0,40	0,59	0,47	0,34	0,26	0,5	0,28
<b>Felt vilt:</b>									
Fjellrype	68	40	53	84	79	52	25	83	15
Lirype	11	11	25	34	14	9	-	3	1
Hare	-	1	1	1	-	3	2	4	-
Mår	-	2	-	-	-	1	-	-	-
Raudrev	1	1	3	10	2	-	1	-	-
Røyskatt	-	3	1	6	2	3	1	1	-
Ramn	-	1	-	2	1	3	1	-	-
Kråke	-	4	-	3	1	3	1	-	-

I tillegg vart det selt 24 jaktkort på Inatur for området Myrdalen/Broksfjellet, som er eit jaktfeltsamarbeid mellom fjellstyret og ei Myrdalen sameige. For dette området er det ikkje sett noko avgrensing i tal kort som vert selde gjennom Inatur, slik tilfellet er for statsallmenningen elles.

**Freda rovvilt og smårovvilt**

Det var ingen meldingar om skade på husdyr grunna freda rovvilt i Aurland kommune i 2021, i følgje årsrapporten frå Fylkesmannen.

Fjellstyret tilbyr eit sesongkort for jakt på smårovvilt, og sel årleg 4-5 slike kort til utanbygds jegerar. Det var lite felling på desse korta i 2021.

**8. FISKE**

Som ein kunne venta, ut frå lang isfri sesong og gode temperaturar sist sommar, vart fiskefangsten betre enn på mange år. Samla fangst vart 2025 kg (5020 fisk). På garn vart det fiska 1570 kg (3897 fisk), fordelt på 24 vatn i allmenningen. 74 fiskarar har meldt inn fangst. Ikkje uventa ligg Nyhellermagasinet øvst på fangststatistikken, med 1010 kg fordelt på 2411 garnfanga fiskar. Andre vatn med bra garnfiske, var Holmavatnet med 141 kg og store Vargevatnet med 90 kg på garn. Dei største fiskane denne sesongen vart likevel tekne på stong. Største fisken var 2,1 kg og teken på sluk i Nyhellermagasinet. Elles har sportsfiskarar meldt om fiskar frå 1,2 til 1,7 kg i Norddalsvatnet, Tisedalsvatnet, Kjeldhusnosvotni, småvatn ved Hundhus og i Stemmerdalen. Heile 451 kg (1123 fiskar) er innmeldt av sportsfiskarar, trass i at dei ikkje har pålegg om å melda inn fangst – berre ei sterk oppmoding frå fjellstyret. Stongfisket fordelte seg på 55 vatn i Aurland statsallmenning.

## Tal frå fangststatistikken for 2021:

Selde garnkort:	85	
Innlevert fangstrapport:	843 (98,9 %)	
Tal garnnetter:	2175	
Tal fisk:	5020	(av dette 1123 på stong/oter)
Kg. fisk	2025 kg	(" " 451 kg på stong/oter)
Største fisk:	2,1 kg	(I Nyhellermagasinet)
Fiskeinnsats pr. fiskar	29,6 garnnetter	
Sesongfangst pr. fiskar	21,3 kg	(gjennomsnitt for dei som har fiska med garn)
Fangst pr. garnnatt:	0,72 kg	(1,8 fisk)
Gjennomsnittstorleik:	0,4 kg	

### Prøvefiske

Fjelloppsynet hadde, saman med 7 kl. på ABU, prøvefiske i Vestredalsvatnet sist haust. 23 fiskar hadde gjennomsnittleg k-faktor på 1,07, som er bra. Sogn jord- og hagebruksskule prøvefiska Langavatnet i Håbergsholene.

### Fiskeutsetjing

Fjellstyret sette ut **4.850** sommargamle setjefisk i vatn i statsallmenningen sommaren 2021, alt kjøpt frå anlegget til Aurland Setjefisk SA. Utsetjinga vart dels gjort på dugnad, dels ved at fjelloppsynet tok nokre av utsetjingane. I tillegg til fjellstyret si utsetjing i uregulerte vatn, har E-Co Energi ansvar for fiskeutsetjing i dei regulerte vatna, i samsvar med utsetjingspålegg.

## 9. ANLEGG SARBEID I ALLMENNINGEN

### Rehabilitering av kraftverksdammar

Det føregjekk ikkje utbetningsarbeid på damanlegg innanfor statsallmenningen dette året, med unntak av eit mindre arbeid ved Katladammen, som førde til ekstra nedtapping av Katlamagasinet. Det var difor ikkje noko problem med stengde anleggsvegar til fiskevatn eller hytter denne sesongen.

### Kraftliner

Statnett har planar om bygging av ny 400 kV kraftline mellom Vassbygdi og Sogndal, og sende transport- og miljøplan for prosjektet ut på høyring våren 2021. Fjellstyret kom med innspel, m.a. om uregistrerte fangstminne langs linjetrasèen. Fjelloppsynet deltok på ei synfaring saman med prosjektleiar og arkeologar i Fylkeskommunen for å påvisa fangstminna. Ingen fysiske arbeid vart gjort i terrenget 2021.

## 10. ØKONOMI

Fjellstyrerekneskapan for 2021 syner at samla inntekter (medrekna renteinntekter) vart kr **3.485.938** og samla kostnader kr **3.393.100**. Dette gav eit årsoverskot på kr **92.838**. Styret meiner at den framlagde årsrekneskapan viser eit rett bilete over eignedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkår om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapan.

## FISKEUTSETJINGA I AURLAND STATSALLMENNING 2021

Vatn	m.o.h.	Areal hektar	Sist utsett	Framlegg	Dato	Utsetjar
<b>Austfjelli:</b>						
Norddalsvatnet	1434	115	2018	600	30/7	Gjermund Tokvam
Toddyvatnet	1491	10	2017	150	30/7	Andreas Tokvam
Bukkaholmvatnet	1529	40	2017	400	29/7	Arne Inge Øyum
Vetlemelavatnet	1466	30	2017	250	26/7	Odd Lirhus
Heimste Melavatnet	1438	25	2019	200	24/7	Gea Prytz
Fremste Melavatnet	1448	35	2019	300	24/7	Gea Prytz
Vatn v. Langehaug	1470	3	2014	100	20/7	Vidar Haugeplass
Langavatnet v. Langafonni	1582	50	2017	400	8/8	Katarina K. Hessen
Rynjulsvatni	1426	15	2016	200	21/7	Steinar Tønnesen
Grønebotnvatnet	1427	11	2018	200	17/7	John Ryum
Breibakkavatni	1440-58	30	2016	250	14/7	Gea Prytz
3 småvatn v. Volanutane	1550	10	2013	150	13/8	Gea Prytz
<b>Sum Austfjelli</b>				3200		
<b>Vestfjelli:</b>						
Øvste Dyranosvatnet	1471	17	2018	200	14/7	Alf Waaler
Øvste Berdalsvatnet	1512	40	2017	400	15/7	Sandra Johansen
Øvste Mellomvatnet	1458	10	2017	150	9/7	Erlend Øydvin
Namnlausvatn Skoma	1449-56	165	2018	600	1/8	Merete rein
3 småvatn Eitra	1438-54	15	2016	200	11/8	Erlend Øydvin
Vatn ved Skavlaklørne	1475	8	?	100	11/8	Erlend Øydvin
<b>Sum Vestfjelli</b>				1650		
<b>Totalt</b>				<b>4.850 stk</b>		

## Fiskestatistikk Aurland statsallmenning 2021

<b>Garnfiske</b>	<b>Tal garn</b>	<b>Tal fisk</b>	<b>Kg. fisk</b>	<b>Største fisk</b>
Adamsvatn/ Langavatn	5	29	7,61	0,32
Berdalsvatnet nedre	10	45	10,3	0,35
Dyranosvatn nedre	10	4	1,8	0,5
Dyranosvatn øvsta	20	29	10,3	0,6
Holmavatnet	149	298	141	1
Katlamagasinet	20	56	15,3	0,3
Kjeldhusnosvatnet heimsta	6	15	7,5	0,7
Kjeldhusnosvatnet fremsta	7	18	10	0,7
Langavatn Håbergsholene	10	23	6	0,35
Langavatn/ Langafonni	2	5	3	0,8
Langavatn 1393	16	46	23,5	0,8
Melavatn fremsta	5	32	15,5	0,8
Mellomvatn mellomste	73	145	62,4	0,6
Norrdalsvatnet	6	19	8	0,8
Nyhellermagasinet	1145	2411	1009,6	0,8
Sleipåvatn mellomste	2	10	4	0,5
Stemmerdalen o/ terskel	10	31	11	0,89
Svartavatnet	76	137	56,5	0,7
Svarthovdvatnet	2	2	1,2	0,75
Toddyvatnet	4	9	3,5	0,7
Tissedalsvatnet	14	22	8,7	0,7
Vargebotnvatnet	6	13	4	0,4
Vargevatn store	121	270	90	0,6
Vestredalsvatnet	456	228	63,29	0,42
<b>Til saman</b>	<b>2175</b>	<b>3897</b>	<b>1574</b>	

### Oppsummering:

Fangstrapporatar:	74
Ikkje fiska:	11
Ikkje sendt melding:	1
Utskrevne kort:	85
% sendt fangstrapporatar:	98,90 %

Gjennomsnittleg innsats (av 74 som har fiska) 29,4 garnnetter.

Sesongfangst pr. fiskar : 52,6 fisk, eller 21,3 kg fisk.

Fangst pr. garnnatt: 1,79 fisk eller 0,72 kg fisk

Gjennomsnittstorleik 0,4 kg.

Garnfisket har vore fordelt på 24 vatn i statsallmenningen

**Sportsfiske**

	Tal fisk	Kg. fisk	Største fisk
Adamsvatnet/ Langavatnet	158	39	0,46
Brubotten elva	17	5,3	0,6
Bukkaholmvatnet	6	2,4	0,45
Bukkaholmvatnet elva heimom	2	0,76	0,46
Dyranosvatn øvsta	3	1,5	0,58
Grønebergvatna	11	4,7	0,6
Grønebotnvatnet	3	1	0,32
Grovjuvvatn nedre	12	3,6	0,35
Grånosvatnet	6	2,6	0,5
Hellenutvatnet	5	3	0,9
Hellenuten elva	12	4,7	0,5
Holmahøgdene 1523	5	2,6	0,92
Holmavatnet	16	8,7	0,8
Holmavatn nedstrøms	1	0,9	0,9
Hundhus småvatn	1	1,7	1,7
Katlamagasinet	23	6,8	0,49
Kjeldhusnosv. fremsta	34	19	1,2
Kjeldhusnosv. heimsta	58	38,9	1,2
Kreklevatn	10	5,3	0,73
Kvalryggvatnet	14	4,6	0,38
Langavatn Håbergsholene	2	0,6	0,3
Langavatn/ Langafonni	1	0,5	0,5
Langavatn 1393	1	0,4	0,4
Langehaugvatn	5	1,75	0,41
Liavatnet stora	45	23	0,9
Ljosegrunnseggvatn	3	1,7	0,6
Ljosegrunnsvatn stora	13	7,2	0,7
Ljosegrunnsvatn vetla	3	1,7	0,6
Mellomvatn nedre	5	1,6	0,4
Melavatnet heimsta	6	2,05	0,5
Melavatnet fremsta	8	3,85	0,7
Namnlausvatn + elva	21	10	0,8
Nyhellermagasinet	163	58,8	2,1
Norrdalsvatnet	109	47,3	1,5
Nosavatn	8	1,25	0,2
Paulvatn øvre	1	0,44	0,44
Rynjulsvatn	30	9,1	0,8
Rustatjørni	11	4,35	0,6
Sleipåvatn mellomste	24	9,4	0,4
Sleipåvatn øvre	25	12,1	0,72
Sleipåfjellet småvatn 1512	19	8,1	0,68
Sleipåfjellet småvatn 1534	5	2,1	0,46
Storebotnvatnet	6	1,2	0,25



Storshovdvatnet		4	1,3	0,4
Stemmerdalshalli		4	1,8	0,51
Stemmerdalen over terskel		11	4,7	1,35
Strupavatnet Melane		11	4,4	0,5
Svarthovdvatnet		31	15	0,84
Svartavatnet		81	31,3	0,68
Toddyvatnet		9	3,9	0,7
Tissedalsvatnet		9	4,4	1,3
Vargebotnvatnet		2	0,75	0,55
Vargevatnet stora		45	15,7	0,4
Vetlamelavatnet		4	1,6	0,5
Vetlebotnvatnet		1	0,5	0,47
<b>Til saman</b>		<b>1123</b>	<b>450,9</b>	

**Aurland 12. januar 2022**

Håkon Øydvin

Fjellopsyn Aurland fjellstyre